

Fra: Nils Marton Aadland
Sendt: 22. januar 2015 08:48
Til: olav.finne@vegvesen.no
Kopi: Postmottak Meland
Emne: Uhell E39 Flatøy, førespurnad om møte

Kategorier: Gul kategori

Hei!

E39 over Flatøy har fleire gongar vore stengt grunna sprengingsuhell i samband med dei pågåande anleggsarbeida. Seinast i går onsdag 21.01. var vegen stengt i fleire timar, då ei stor steinblokk fall ut i vegen i samband med sprengingsarbeid.

Vi er svært uroa over dette og dei konsekvensane stengt veg over Flatøy har mellom anna for reisande, næringsliv og beredskap, og vil be om eit snarleg møte med Statens vegvesen for å få informasjon om kva som har skjedd og kva tiltak ein vil setje i verk for å unngå liknande hendingar.

Det er forståeleg at eit så stort arbeid som no skjer på E39 Flatøy vil kunne ha negative effektar for framkomsten, men det er ikkje akseptabelt med hendingar som det vi opplevde i går der vegen var stengt i fleire timar.

Mvh

Nils Marton Aadland

Ordfører

Tlf: 56 17 10 25 / 922 71 050

E-post: Nils.Marton.Aadland@Meland.kommune.no



[Sjå brosjyren vår](#)